

Saksprotokoll i finansutvalet - 29.10.2020

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Løn- og prisvekst

Det er ikkje heilt samsvar mellom overskrifta «løn- og prisvekst» og tabellen under overskrifta, og difor er det forståeleg at representanten stiller spørsmål.

Tabellen på side 10 syner ikkje berre auke i løn- og prisvekst, men alle endringar som har skjedd på sektornivå frå opphøveleg budsjett 2020 og fram til no i budsjettprosessen; jf. a- dok 1 til a- dok 4.

Løn- og prisvekst er inkludert i tabellen, men overskrifta kan gje inntrykk av at endringane i tabellen berre dreier seg om løn- og prisvekst.

Tabellen under syner berre pris- og lønsvekst pr. sektor.

Der ikkje gjort gjennom vurderingar, men lagt til 0,5 % på lønselement og 2,7 % på alle andre.

Det er å merka seg at sektorar med ei betydeleg inntektsside, får ein relativt sett mindre budsjett-påplussing. Tannhelse har store inntekter, og får difor eit netto trekk på 22 000.

Samla er det ei påplussing på 163,6 mill. kr i pris- og lønsvekst som no vert arbeidd inn i sektorbudsjetta.

Sektor / 1000 kr	Samla netto løn- og prisvekst
	43
Opplæring og kompetanse	818
	4
Innovasjon og næringsutvikling	945
	65
Mobilitet og kollektiv	704
	29
Infrastruktur og veg	021
	6
Kultur, idrett og inkludering	585
Tannhelse	- 22
	2
Strategi og digitalisering	413
	11
Pol. Styring, kontrollutv. Org/ øk	149
Sum totalt Vestland	163
	613

Organisasjon og økonomi, Strategisk utvikling og digitalisering og Politisk styring

Når det gjeld spesifikt momenta under som det vert spurt om:

*gjennomføring av stortingsvalet (3 mill), lærlingetilskot (2,5mill),
og frikjøp tillitsvalde (2mill) jamfør sakspapir i finansutvalet i september.*

Dette er endringar frå 2020 til 2021 som utgjer eit meirbehov som sektoren har løyst innanfor rammene sine (Stortingsvalet, 3 mill. kr, er ei påplussing tidlegare i budsjettprosessen).

Endringane er ein del av den totale endringa frå 2020 til 2021, men ein kan ikkje knyta dei direkte til dei over 20 mill. kr i endring i tabellen i a-dok 5. Dette fordi auken på over 20 mill. kr i tabellen summerer opp alle positive og negative behovsendringar, tekniske endringar, budsjettreduksjonar og løn- og prisvekst (jf. budsjettprosessen og a-dok 1 til a-dok 4).